



SETESDAL INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD
Postboks 4
4747 VALLE

Dato: 11.02.2022
Vår ref: 22/04561-9
Dykkar ref:
Saksbeh.: Benny Andre Johansen

Rammetilskot til regionalt næringsfond for Setesdal i 2022

I årsbudsjettet til Agder fylkeskommune for 2022 er det sett av 5 millionar kroner til satsing på regionale næringsfond i regionen.

Hovudutval for næring, klima og miljø vedtok i møte 03.02.2022 denne fordelinga til dei regionale næringsfonda i Agder for 2022:

- | | |
|--|------------------|
| • Regionalt næringsfond for Arendal, Froland og Grimstad | 1 200 000 kroner |
| • Regionalt næringsfond for Birkenes, Iveland og Lillesand | 650 000 kroner |
| • Regionalt næringsfond for Listerregionen (Listerfondet) | 1 250 000 kroner |
| • Regionalt næringsfond for Setesdal | 800 000 kroner |
| • Regionalt næringsfond for Austregionen | 1 100 000 kroner |

I fordeling av midla er det lagt til grunn ein fordelingsnykel der sysselsettingsandel veg tungt, men der også folketal, distriktsindeks og flatt tillegg er rekna inn.

Vedtaket betyr at regionalt næringsfond for Setesdal får eit tilskot på 800 000 kroner for 2022. Fondet skal finansierast saman med dei deltakande kommunane.

Fylkeskommunen sine føringar og mål for bevillinga

Regionplan Agder 2030 og VINN Agder 2015-2030 gjeld som overordna regionale føringar. Ein føreset eit godt samarbeid med Innovasjon Noreg og fylkeskommunen, mellom anna i saker der ein bør få vurdert om Innovasjon Noreg sine rammer kan nyttast.

Forvaltning av midla skal bidra til resultat på eitt eller fleire av fylgjande mål:

- Fleire vekstkraftige små og mellomstore bedrifter
- Auka sysselsetting med fokus på nye potensial for bærekraftig verdiskaping
- Meir variert næringsstruktur, prega av godt samarbeid med akademia og offentleg sektor
- Auka verdiskaping basert på bærekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar
- Omstilling av Sørlandet til eit samfunn med låge klimagassutslepp
- Internasjonalt samarbeid og internasjonalisering
- Likestilling, inkludering og mangfald

EØS og offentlig støtte

Vi minner om at EØS-reglane om offentlig støtte skal følgjast og informerast om i tilsegna. Samla offentlig støtte skal som hovudregel ikkje overstige 50 prosent av kapitalbehovet i eit prosjekt. Ein skal ikkje gi støtte til sanering av gjeld eller tilskot til drift.

Kunngjering

Næringsfondet skal annonsere på nettsider og/eller eigna avis minst to gonger. Ved marknadsføring eller synleggjering av næringsfondet skal det visast til at fondet er finansiert i samarbeid med Agder fylkeskommune.

Forvaltning og rapportering

Rapportering av midlane skjer gjennom nettsida regionalforvaltning.no, der tilsegn skal registrerast løpande.

Vi ynskjer at det regionale næringsfonda i 2022 har ein gjennomgang av tilskot og tilskotspraksis for å evaluere resultat og effektar som er nådd gjennom regionalt næringsfond over dei siste åra. Vi ber om at ei slik evaluering, viss den gjennomførast, blir delt med Agder fylkeskommune.

Utbetaling

Du kan be om å få utbetalt rammetilskotet gjennom å fylle ut og returnere det vedlagte akseptbrevet per e-post til postmottak@agderfk.no, eller direkte til sakshandsamar benny.andre.johansen@agderfk.no.

Fylkeskommunen og revisjonen har åtgang til å kontrollere at tilskotet nyttast etter føresetnadene.

Vi ser fram til eit godt samarbeid og ynskjer lykke til med forvaltning av midlane i 2022!

Med helsing

Wenche Fresvik
Avdelingsleiar
Virkemiddel og entreprenørskap

Brevet er godkjend elektronisk.